# Kyrkjeblad for Lom

Nr. 1 2018 | Bøverdalen - Lom - Garmo | 77. årgang



# Hamar biskops påskeandakt

Mange alterbilder har påskemotivet med Jesus på korset. Oftest er motivene utformet slik at vi finner på siden av Jesus apostelen Johannes, og Jesu mor Maria. I følge evangeliet etter Johannes var det faktisk tre som het Maria ved Jesu kors: det var Jesu mor og morens søster som også hette Maria. Dessuten Maria Magdalena.

Når vi ser slike bilder tenker vi sjølsagt mest på Jesu død og lidelse. Men det er samtidig noe annet som stiger fram: At Jesus ikke var alene da han døde. Riktig nok kjente han seg forlatt av Gud da han ropte" Min Gud min Gud, hvorfor har du forlatt meg". Men forfatteren av Johannes evangeliet ser noe mer. Det var noen der i hans siste time, til han hadde fullført det han skulle. Det var hans aller nærmeste og fortrolige. Jesu mor, den disippelen han hadde kjær, hans tante og Maria Magdalena.

Døden blir veldig ofte framstilt som det ensomste av alt. Vi fødes alene, og vi dør alene blir det sagt. Men er dette så sikkert? Når vi blir født, så er det hender som tar imot oss og beskytter oss. Uten denne omsorgen går vi til grunne. Når min dødstime er der, så vil jeg at det skal være noen der. Mine aller nærmeste. Døden er kanskje ikke så ensom som vi har trodd?



Det er et dobbelt håpsperspektiv knyttet til døden. Det ene er det å være omgitt av noen som viser en omsorg i dødens stund.

Det andre er knyttet til Jesu død, mot evigheten. Jesus fjernet seg ikke fra verdens lidelse og heller ikke fra det enkelte menneskets smerte. Han var i den og gikk inn i det ytterste rommet. Jesus var alltid til stede der verden led og enkeltmennesker opplevde smerte. Hans død er en hengivelse for oss, i kjærlighet," Ingen har større kjærlighet enn den som gir livet for vennene sine" står det i Johannesevangeliet.

«Død, hvor er din brodd? Død, hvor er din seier?» skriver Paulus i 1 Korinterbrev. I påsken åpner Jesus et nytt perspektiv på døden – det er opprettet et håp om at døden ikke lenger er siste stoppested. At selv om vi skulle dø i ensomhet, så er vi ivaretatt på den andre siden. Selv om vi skulle dø i ensomhet, er Jesu oppstandelse det lys som er tent for oss.

***Jeg ønsker dere alle en velsignet påskehøytid!***

Solveig Fiske


## LOM KYRKJEKOMMUNE

Trefftid på KYRKJEKONTORET
3. etasje på Midtgard måndag til fredag
kl. 10:00 - 14:00
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom
Bankkonto: 2085 07 11772

LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD
Steinar Hov, tlf. 951 44 910
steinar.hov@gmail.com

SOKNEPREST
Einar Gelius, tlf. 481 65 529
Prestegarden: 906 55 838
soknepresten@lom.kommune.no

KYRKJEVERJE
Borghild Skarelven, tlf. 481 65 527
kyrkjeverje@lom.kommune.no

KYRKJELYDSSEKRETÆR OG TRUSOPPLÆRAR
Guri Husom, tlf 481 65 528
kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

ORGANIST, KYRKJETENAR
Terje Blakarstugun

KYRKJETENAR
Jonas Fjeld
tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75
kl. 10:00 – 14:00
tlf. Garmo og Bøverdal kyrkjer,
400 62 194 kl. 10:00 – 14:00
kyrkjetenar@lom.kommune.no

BLOMEFONDET(merk "blomefond")
Bankkontonr.: 2085.07.11772
KYRKJEBLADET(merk "kyrkjeblad")
bankkontonr: 2085.07.11772

*Bladpengar pr år:*

| | |
|---|---|
| *Innanbygds:* | *150,-* |
| *Utanbygds* | *200,-* |
| *Utanlands* | *250,-* |

OMVISARTENESTA
Tlf. 97 07 53 97
booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

KYRKJEBLAD FOR LOM
Redaksjonsgruppe: Anna Magni Larsen,
Anne Sulheim, Aud Kvamme,
kyrkjelydssekretæren og soknepresten

UTFORMING/SIDEOPPSETT
Ola Ø. Rossehaug & Guri Husom
TRYKK
Dale-Gudbrands Trykkeri as,
tlf. 61 27 73 50 lasse@dg-trykk.no

*Framsidebilete: Ola Ø. Rossehaug*






# Lomskyrkja meir enn 850 år

Det er meir enn 850 år sidan Lomskyrkja vart bygd, og bygginga var nok ei storhending i bygda. Kanskje hadde det kome byggmeister med arbeidsfolk frå annan stad som hadde erfaring med slikt arbeid. Men folk frå bygda var nok òg med. Materialane hadde dei skaffa. Det var mølma vyrke. Byggmeisteren måtte planleggje alt i minste detalj. Så tok dei til med å stelle i stand alle delane til bygget og kontrollere at dei passa saman. Det var sjølvsagt eit stort arbeid. Når det var gjort, kunne dei begynne å montere kyrkja. Men montering og reising av ei såpass stor stavkyrkje, - der stavane skulle bera det heva midtrommet i kyrkja, er svært krevjande. Det kravde dyktige menn med erfaring og innsikt. - Bygdafolket fylgde truleg nøye med da dette byggverket reiste seg og dei var spente på å ta gudshuset i bruk. - Vera Henriksen har ei skildring av korleis ho tenkte seg den fyrste gudstenesta da kyrkja skulle vigslast:

*«Lyset i kirken var dunkelt da folk kom inn og stilte seg opp – kvinner på nordsiden, menn på sørsiden. Det dagslyset som var, kom inn gjennom den åpne vestportalen og gjennom de små gluggene oppe under taket, og det flakket lys fra en lysekrone; krusifikset over korinngangen kunne man bare såvidt skimte. Forventningen var stor; menigheten hadde sett dette bygget bli til, bygget som nå skulle innvies til kirke. – Snart hørtes stemmer utenfor; folk vendte seg etter lyden. Og inn gjennom vestportalen kom prosesjonen: korsbæreren foran, så lysbærere og til slutt de geistlige i orden etter rang og verdighet.»*

Årringsdateringar gjort på denne måten, er svært sikre

Slik kan ein tenkje seg at dei opplevde den fyrste messa i Lomskyrkja. - Men så kjem spørsmålet: Korleis kan ein veta kva tid Lomskyrkja vart bygd? - For ein del år sidan vart det teke årringsprøver av treverk i kyrkja. (Dendrokronologiske prøver, dendro = tre og kronos = tid.) Da vart det brukt ein holen bor som tok ut ei prøve omtrent så tjukk som ein blyant. Når ein skal ta ei slik prøve, ser ein etter ein stokk med barkkant. Da er ein sikker på at dei ytre- eller siste årringane er med. Under barken på treet blir det kvar sommar danna ein årring. Ved gode veksttilhøve vert det breiare mellom årringane enn ved dårlegare år. Ved å mæle kvar einskild årring, kjem det fram eit mønster. Dette mønsteret kan nærast samanliknast med ein strekkode. Prøva vert kopla mot ei datamaskin. Her er det lagra årringsmønster frå same område som ein kjenner alderen på. Så vert mønsteret frå prøva samanlikna med dei i datamaskina. Slik finn ein altså når treet vart hogge, - og på denne måten fann ein alderen på prøvene frå Lomskyrkja.

Dei tok årringsprøvene i samband med restaureringsarbeidet i kyrkja på 1970-talet. Men på den tida hadde dei ikkje kome så langt at dei kunne analysere prøvene. Fyrst i 1997 vart dette gjort. - Prøvene viste at fleire av stokkane vart hogne vinteren 1158 – 1159. Riksantikvaren skriv: «Lom stavkyrkje er datert til omkring 1160.» - Årringsdateringar gjort på denne måten, er svært sikre. Men meir usikkert er det t.d. kor lang tid det tok frå dei siste stokkane vart felte, - til bygget stod ferdig og kyrkja vart teken i bruk.

I meir enn 850 år har bygdafolk, generasjon etter generasjon, kome til Lomskyrkja for å markere viktige hendingar i livet. Her har dei gått inn og ut i glede og sorg.

---

*[1] Henriksen, V. og Kolden, A: Lom stavkirke, Lom sokneråd, 2000: 17*

*[2] Bakken, K. (red.) Bevaring av stavkirkene, håndverk og forskning. Riksantikvaren. Pax Forlag 2016.*

*[3] Sverre Sørumgård har vore rådgjevar i samband med denne artikkelen.*



# Presten sine tankar

**I dag vil eg skrive om eit tema som vedkjem oss alle. Det handlar om korleis du og eg lever med kvarandre, korleis vi snakkar om, og oppfører oss mot kvarandre.**

Fyrst vil eg heidre nokre kvardagsmenneske som betyr mykje for mange. Eg tenkjer på alle dei som veke etter veke gjer ein friviljug innsats for andre. Menneske som er besøksvener for eldre og flyktningar, mødre og fedre som steikjer vafler og gjer dugnad for idrettslag og musikkorps, unge og eldre som brukar fritida si på å gjere dagleglivet litt enklare for andre og menneske som kort sagt brukar tid og krefter på å gje livsmot og von til andre.

Dei er medmenneske i den rette forstand, og dei fortener både takk og ros. Samfunnet vårt hadde vore både fattigare og mindre raust utan alle dei friviljuge.
Her er det snakk om menneske som utan betaling og eigen gevinst bidreg til at andre får eit betre og enklare liv.
Empati og medkjensle handlar om dette vanskelege: å prøve og sette seg inn i eit anna menneske sitt liv og ha evne til å kunne sjå utover sin eigen nasetipp.



Å vera eit medmenneske – eit menneske for andre – er ein kunst. Det er ingen sjølvfølgje, men vi treng å øve oss i det både du og eg.

Den siste tida er det spesielt ei sak som har aktualisert korleis vi menneske oppfører oss mot kvarandre og kor vanskeleg forholdet oss imellom kan vera. Metoo-kampanjen har skapt eit jordskjelv innan politikk, kunst og andre viktige samfunnsområde. Kampanjen har avslørt trakassering og krenkande seksuell atferd innafor dei fleste bransjar og miljø.

Kva er det denne metoo-kampanjen har sett søkjelyset mot?
For det fyrste: at makt kan misbrukast. Menneske i forskjellige maktposisjonar har diverre brukt makta si til å trakassere andre. Det andre metoo-kampanjen har vist oss, er at når alkoholen går inn i kroppen vår – so går ofte vettet ut. Mange som har vore utsett for ubehag, har møtt menneske som diverre har vore sterkt rusa og som i fylla har trakassert andre.
Men det aller viktigaste denne kampanjen har satt fokus på, er korleis du og eg oppførar oss mot kvarandre. Orda vi brukar mot kvarandre og korleis vi møter kvarandre.
Vi må øve oss i å ikkje bruke nedsettjande og stygge ord om kvarandre og vi må øve oss i å oppføre oss med folkeskikk mot kvarandre.

Det å møte andre menneske i alle livets situasjonar med ein open haldning og med vyrdnad er utroleg viktig. For nokre år sidan møtte eg Eli Hagen, ektefellen til Carl I. Hagen. Som mange andre hadde eg òg mi oppfatning og vurdering av Eli Hagen ut frå medieomtale og presseoppslag om den kjende politikarfrua. Men etter at eg møtte ho personleg, måtte eg revurdere alle mine oppfatningar av ho. Det viste seg at ho var ein fantastisk varm, raus og morosam person. Denne opplevinga har fått meg til å verta meir audmjuk og forsiktig i mi





omtale av andre mennesker, som eg ikkje har møtt personleg.

No er det fleire ting som kan øydeleggje og truge fellesskapet mellom oss menneske. Ei av dei store utfordringar i tida er bruk av alkohol og rus. Misbruk av rusmidlar rammar familiar av alle sosiale lag. Tilsynelatande ressurssterke familiar har ungdommar som brukar narkotika og som utsett seg sjølv og familien for uendelege lidingar. Menneske med psykiske plagar brukar ofte rus som sjølmedisinering og på beste vestkant og i finansmiljø er bruken av kokain og heroin ikkje uvanleg. Kvifor drikk Jeppe? Kva er grunnen til at so mange menneske flyktar frå livet og livet sine realitetar i rus? Utfordringane er sjølvsagt samansette. Nokre er både likesæle og gjev blaffen, medan andre er ulykkelege og einsame. Men rusmisbruket er uansett eit symptom på at eit eller anna er gale i livet.

Det er ikkje lenger noko som forbausar eller overraskar meg

Å vera eit medmenneske er å våga og vera ærleg og open mot menneske som har det vanskeleg. Vi må våga å seie i frå når alkohol og rus er i ferd med å øydeleggje menneske og familiar. Å teie eller fornekte misbruket er det motsette av det å vera eit medmenneske.

Eit anna fenomen i vår tid er korleis vi menneske oppfører oss mot kvarandre på nettet og i sosiale media. Det er ei heilt ny verd som no brettast ut og som har ført til at menneske – både med fullt navn og anonymt – deltek i diskusjonar og i kommentarfeltet på nettet. Aldri tidlegare har so mange delteke i diskusjonar av ymse slag – ofte med sterke og kraftfulle uttrykk.
Det er ikkje lenger noko som forbausar eller overraskar meg, men mange av debattane og ytringane som no skjer på nettet, er direkte ufyselege og sjikanerande. Det er nesten ikkje grenser for kva einskilde kan få seg til å meine og utrykkje om andre. Eg tenkjer: veit dei som set sine meiningar på trykk, korleis dette vert motteke og oppfatta? Kvar er tanken på dei andre? Og er det ikkje eigentleg ganske feigt å sitje trygt heime i si eiga stugu og spy ut eider og galle på nettet mot sine medmenneske, istaden for å prate med vedkommande andlet mot andlet?

Å vera eit medmenneske handlar om å kunne møte kvarandre med vyrdnad og toleranse og det å øve seg i å møte eit anna menneske med eit ope og inkluderande auge. Det er ikkje enkelt, men vi kan jo prøve, både du og eg.



## Ferieplaner?

*Hva betyr påske, Kristi Himmelfart og pinse for deg? Etterlengtede fridager? Avkopling og kvile? Turer? Vårpuss og hagearbeid? Kanskje gudstjenester, i byen og på fjellet, eller stemningsfulle konserter?*

Påskeferien kan også bety fordypning i Jesusfortellingene, og nærhet til Jesus Kristus, som er midt iblant oss nå i starten av året 2018, «still going strong»! Kristi Himmelfartshelga kan bety fokusering på at Jesus er her, i bygder og byer og hjem, midt iblant oss, som vi sier. Han ble menneske som oss, men har ingen menneskelige begrensninger lenger. Pinsehøytiden fører dette videre og forteller om Den Hellige Ånds komme til disiplene, og til oss, og alt det som førte til kirkens fødselsdag.

Men midt i en travel familie, eller i feriemodus med venner eller barnebarn, er det ikke lett å få stoppet opp og tenkt skikkelig etter, eller kjent godt etter!

Er det ikke slik at vi av og til trenger å trekke oss tilbake for å gjenoppdage høytidenes kristne innhold og gjenopprette relasjonen til Gud, til Jesus Kristus? Derfor arrangerer vi retreat på Sandom nettopp i høytidene. På en retreat er det ingen lange prekener eller bibelstudier. En får hjelp til å sette seg ned i stillhet og leve seg inn i, eller reflektere over, en bibeltekst som omhandler Jesus Kristus. Vi har samlinger der en kan dele litt av sine erfaringer med teksten, men det forventes ikke. Vi møtes i kapellet for felles tidebønner med lesning fra Bibelen, eller bare sitter der i stillhet. Mange ber mens de går tur, tegner og maler, eller kviler! De tre hovedmåltidene inntar vi i taushet mens vi lytter til musikk. Noen tider på dagen er det taushet overalt, andre tider bare i Stillhetens Hus, der gjestene bor. Er det behov for det, kan man få en personlig samtale med en i Husfolket.

Ingen venter at en skal komme på f.eks. påskeretreat hvert år – hverdagen krever sitt – men en gang innimellom kan kanskje retreaten, du selv og Jesus-relasjonen få førsteprioritet i høytiden også? Hverdagslivet er vel verdt en retreat!

Du kan lese mer på www.sandom.no

*Anna Magni Larsen*
*Husfolk på Sandom*

## Gudstenester i påska

Også denne påska blir det gudstenester i fjellet:

- Skjærtorsdag blir det messe i Glitterheim kl. 18:00.
- Langfredag tek vi turen til Spiterstulen kl. 17:30.
- Påskeaftan, laurdag 31. mars, er det påskenattsmesse saman med Skjåk i Lomskyrkja, kl. 23:00. Det er ei stemningsfull og vakker messe med mykje song og musikk. Lomsklangen deltek
- 1. påskedag, sundag 1. april, er det høgtidsmesse i Lom kyrkje kl. 11:00, der tre barn skal døypast denne dagen.

## Dugnadar:

Det er planlagt tidspunkt for rake- og plantedugnader på kyrkjegardane:

| | Rakedugnad | Plantedugnad |
|---|---|---|
| **Lom** | 2. mai kl. 17.00 | 5. juni kl. 17.00* |
| **Garmo** | 3. mai kl. 18.00 | 6. juni kl. 18.00 |
| **Bøverdal** | 8. mai kl. 18.00 | 7. juni kl. 18.00 |

**Hit vert også 4-åringane invitert til å kome og så frø.*



Konfirmantane vert særs oppmoda om å stille på rakedugnader ved «sine» respektive kyrkjegardar.
Vi ynskjer eldre og yngre hjarteleg velkomne til trivelege økter, og byr på kaffe og biteti alle kveldane.

## Konfirmantar 2018:

Lom kyrkje laurdag 19. mai kl. 12:00

**Torgrim Angard**
**Ola Aurmo**
**Grethe Bakke**
**Sofie Brenna**
**Emma Byre Forberg**
**Åshild Moen Helland**
**Mads Kjørren**
**Sigurd Kleiven**
**Geir Atle Krokum**
**Jo Mallaug**
**Grethe Marstein**
**Dina Moen**
**Martin Mundal**
**Ingrid Sandviken**
**Rønnaug Sandviken**
**Anna Skarset**
**Sander Smedsmo Vinsrygg**
**Kaia M. B. Svenning**

Garmo kyrkje laurdag 26. mai kl. 12:00

**Mari Bjørgen**
**Tor Hammerdalen**
**Sara Ekle Løken**
**Bjarne Vangberg**
**Simen Ytre**

Bøverdal kyrkje laurdag 2. juni kl. 12:00

**Ann Kathrin Bråten**
**Ragnhild Flaten**
**Mia Fjeld Kvandalsvoll**
**Håvard Hilleren Myren**
**Marius Lien Svestad**

## Jubileumskonfirmantar

Dei som vert invitert til jubileum i år, stod konfirmant i ei av kyrkjene våre på desse datoane:

**Bøverdal kyrkje**
- 9. oktober 1938
- 3. oktober 1948
- 12. oktober 1958
- 16. juni 1968

**Garmo kyrkje**
- 22. mai 1938
- 10. oktober 1948
- 5. oktober 1958
- 30. juni 1968

**Lom kyrkje**
- 2. oktober 1938
- 26. september 1948
- 28. september 1958
- 23. juni 1968

Invitasjon kjem i posten!
Er du jubileumskonfirmant, og ynskjer å vera med i festkomiteen, ring Guri: 481 65 528

Kyrkjeblad for Lom

# Brev frå lesarar



Det hendar seg at Kyrkjebladet får lesarbrev. Dette set vi stor pris på, og oppmodar alle som har noko på hjartet om å senda inn til oss!

<u>Trenger vi prester i dag ?</u>

For noen år siden var jeg i påsken oppe på Spiterstulen for å lage en reportasje for NRK. Satt i solveggen da en nyankommet gjest satte seg ned og vi begynte å prate. Han lurte på hva jeg syntes om påske-aftenprogrammet som nå var bestemt ? Og at en prest skulle holde andakt ?

Min mening fikk han: Dersom jeg hadde behov for kontakt med Vårherre var det bare å gå ut i denne fjellnaturen hans, og få like god kontakt som i kirken.

Påskeaften entrer presten scenen - et inslag i underholdningen - og viser seg å være mannen jeg har snakket med. Blir litt perfleks. Har jeg fornærmet ham ?

Han begynner med å si at han vel er overflødig når Guds natur utenfor tilbyr ordløs men mektig kontakt.

Gjestene klapper impulsivt, og NRK - journalisten er litt stolt, og lettet.

<u>Presten på barkrakken - medmennesknepresten -</u>

Etter noen teologintervjuer går det frem at prestenes evangelieresonnementer i blant går over hodet på noen kirkebesøkende. Dupper av, klare ikke - orker ikke - følge med. Sitter for engasjert i egne, vonde problemer..

Selv i Lomsbygden, hvor al.e kjenner alle, og de fleste har et godt medmenneskelig nettverk rundt seg, er det folkesykdommen ensomhet som kan skape problemer dersom det oppstår noe privat sårbart, umulig å snakke med familie, venner eller naboer om.

Sokneprest Einar Gelius får kontakt med bygdefolket også i det offentlige rom. I blant på barkrakken. Han har taushetsplikt og stor menneskekunnskap- er en realist som har møtt - og hjulpet - mennesker utenfor kontortiden, eller etter kirkemessen.

En prest på barkrakken er et nærværende medmenneske det er mulig å henvende seg til. Ingen fordømmende person. Kontakten som oppstår kan resultere i videre kontakt. Et selvmord forhindres, vold uteblir, mishandling avverges. Fortvilte mennesker tilbys adekvat hjelp.. videre.

Som tidligere storbyprest kunne den spesielle sokne-presten vår, som også er forfatter, og har utgitt foreløpig fire interessante bøker, skrive videre med tykke bøker omhandlende mennesker han har møtt som medmenneskeprest.

Jo, vi trenger prester i dag .

Men sånne som er medmenneskeprester som liker å få kontakt med sine soknebarn også i avslappende fritid -

Vi er takknemlige for soknepresten vår og håper han blir værende i Lomsbygda ...

Ena



foto: Marius Ramdahl

# Konfirmantleir i Håkons Hall 9-11. februar

HEKTA

For tredje året på rad har konfirmantane våre no vore på HEKTA-leir på Lillehammer. Leiren var ein god miks av undervisning saman med ungdomsleiarar i små grupper og fellessamling framfor scena. Presten Sunniva Gylver prata om si tru og sitt liv, og forteljar Anne Flugstad formidla bibelhistoriane på ein veldig fin måte. Det var og mykje musikk og allsong.

Elles var dagane på leiren fylt med friluftsaktivitetar. Det var slalåm i Hafjell, bobkjøring ved Hunderfossen, kjelkekjøring på Kanthaugen, bading på Jorekstad, volleyball inne i hallen, og mange andre morosame aktivitetar. Vi hadde med oss ein veldig fin gjeng med konfirmantar!





foto: Marius Ramdahl

*Mads Kjørren, Håvard Hilleren Myren og Sander Smedsmo Vinsrygg kosa seg på ski!*



# Handler lokalt, tenker globalt

**Rent vann, solide doer og god hygiene til flyktninger er stikkordene når vi samler inn penger til Kirkens Nødhjelp Fasteaksjon, 19. mars. Fjorårets bidrag var til stor hjelp for flyktninger fra Boko Haram og Kongo.**

Da vi var på flukt hadde vi ikke noe vann. Vi klarte til slutt å finne noe vann, men det var skittent, forteller Kany.
Hun pleide å ha et helt normalt tenåringsliv hjemme i Kongo. Gikk på skolen, hadde et trygt liv med familien og sang i kor i den lokale kirken. Nå bor hun og familien i et telt i en flyktningleir. De er noen av over seks millioner kongolesere som i dag er på flukt.

**På flukt uten mat og vann**
Kany og familien flyktet fra en krig som blusset opp i Kasai, der de bodde, og familien måtte legge ut på en flukt som har satt spor i 14-åringen.
– Vi våknet av at det var skyting i byen, og vi la på sprang med en gang. Vi rakk ikke å ta med oss noe. Vi var på flukt i flere dager, og måtte gå langt uten verken mat eller drikke, sier Kany, som savner vennene og hjemmet sitt i Kongo.
Heldigvis kom hun og familien seg trygt over til nabolandet Angola, der de nå har slått seg ned i påvente av at krigen hjemme skal ta slutt. Nå har Kany tilgang til rent vann bare ett minutt fra teltet hvor hun bor.

**Fasteaksjonen er viktig når det haster å hjelpe**
Det er Kirkens Nødhjelp som leverer vann, toaletter, hygieneartikler og tømmer søppel i leiren der Kany bor. Det er et arbeid som organisasjonen kan gjøre på grunn av støtten fra norske givere som tidligere har gitt penger gjennom Fasteaksjonen.
Pengene vi får inn gjennom Fasteaksjonen gir oss en økonomisk muskel som gjør det mulig for oss å reagere raskt når en krise oppstår, slik vi gjorde i Angola da flyktninger kom over grensen fra Kongo. Da kunne vi komme fort i gang med midlene fra våre norske givere, mens vi ventet på mer støtte fra andre givere, slik som FN. Støtten fra det norske folk gjør at vi kan handle raskt og redde flere liv, sier generalsekretær i Kirkens Nødhjelp, Anne-Marie Helland.
Aksjonen blir i år arrangert for 51. gang, og frivillige over hele landet samler inn penger ved å gå med bøsser eller arrangere ulike tilstelninger. Pengene går til Kirkens Nødhjelps arbeid over hele verden.

Også i år skal vi gjøre en innsats for Kirkens Nødhjelps arbeid. Som en norsk kirke er vi også del av den globale kirken. Det å gi av det man har og vise omtanke for andre, er viktige verdier for oss som kirke. Gjennom Fasteaksjonen får vi muligheten til å hjelpe medmennesker over hele verden



***Vi vonar de vil ta vel imot konfirmantane våre, som er bøssebærarar måndag 19. Mars!***






# Vigsling av nytt KYRKJELYDSHUS

Sundag 14. januar var ein dag vi hadde sett fram til. Då skulle det nye, flotte kyrkjelydshuset vårt vigslast. Det vart ein festdag på alle måtar. Fyrste delen av seremonien gjekk føre seg inne i kyrkja der altarduken som Terje hadde fått ordna med, vart vigsla. Deretter gjekk alle i prosesjon til nyhuset. Det var biskopen sjølv som vigsla huset. Med seg hadde ho prost Paul Skuland, soknepresten i Skjåk, Kåre Gloslie, og vår eigen sokneprest, Einar Gelius.
Mange ynskte å seie noko. Leiar i Lom kyrkjelege råd, Steinar Hov, leia det heile. Jon Kleiven sat i det førre rådet som vedtok å selja «Gamelbanken» for å byggje nytt hus. Han fortalde litt om den prosessen. Ordførar Bjarne Eiolf Holø fortalde om prosessen frå kommunen si side. Kommunen meinte at det beste for kyrkja var å leige hus når det var behov for det. Men no har ordføraren skifta meining. Han tykte vi hadde fått eit kjempefint hus, som han trur vil bli bra for aktiviteten i kyrkjelyden i åra som kjem. Fleire fekk takk og blomar: - Torill Mork Smedsmo for altarduken som ho har brodert til Lomskyrkja, - Sigurd Stenersen for at han ville lage alteret til det nye huset, - og Per Morten Mork for å ha brukt mange timar på friviljugt arbeid i huset.
Elles må vi takke alle som bidrog denne dagen. Lom kommune spanderte kjempegod suppe, som fekk mykje skryt! Bakeriet i Lom gav oss brød til suppa. Til kaffien fekk vi fine og gode kaker frå Coop, Kiwi, Torill Mork Smedsmo, Anna Magni Larsen, Bjørg Mork og Terje Blakarstugun. Ragnhild Teigen Bryn kom med flotte avletter.
Skjåk kyrkjelege råd og staben i Skjåk gav oss avlettefat, og Gunn Berit og Øyvind Mork gav oss vaffel-jern. Det har kome fleire gåver til huset, noko vi set stor pris på! Vi har fått entrè-spegel frå Halfrid Eggen, heklagardiner frå Sissel Husom, lykt og kaffekanner frå Bjørg Mork, åkle frå Gunhild Eggen, biletvev frå Live Sofie Eggen og sukker- og fløytesett frå Liv og Kjetil Husom.
- Takk til alle saman!



foto: Bjarne Eiolf Holø



foto: Bjarne Eiolf Holø



foto: Bjarne Eiolf Holø



foto: Bjarne Eiolf Holø




Ny altarduk i Lomskyrkja.

I høve 60-års dagen min hadde eg ynskje om at dei som ville æra meg, kunne gjeva ei gåve til ny altarduk i Lomskyrkja. Slik vart det. Torill Ulvik Smedsmo tok på seg oppdraget med å sy. 14. januar i år var duken ferdig og teken i bruk. Tusen takk til Torill for pent arbeid. Tusen takk til alle dykk som ga pengar til duken. Ein stor varm takk til dykk alle!

Terje

# Kyrkjelydstur til Maihaugen

Den årlege turen er også i år lagt til Maihaugen. Datoen er sundag 17. juni, og avreise frå kyrkjevollen i Lom er sett til kl. 07:30. Buss og sjåfør frå Jotunheimen turbusser AS vil køyre oss trygt nedover Gudbrandsdalen. vi tek ein stopp på vegen, så ta med niste.

Framme på Maihaugen vert det god tid til å sjå seg rundt. Sokneprest Einar og organist Terje inviterer til messe i gamle Garmo kyrkje kl. 12:00. Korleis det blir med middag i kafeen der i år, er pr. dags dato usikkert, grunna at dei ventar på nye drivarar. Difor kjem informasjon om mat, og pris på turen i neste kyrkjeblad. Fylg med!

Påmelding innan tysdag 5. juni til Borghild eller Guri på kyrkjekontoret.

- Borghild: tlf. 481 65 527
  kyrkjeverje@lom.kommune.no
- Guri: tlf. 481 65 528
  kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

**Påmeldte vil såleis få tilsendt giro og program for dagen i god til før turen.**

# Om gravferd

Kyrkjekontoret oppmodar alle som deltek i gravferder til å tenkja over korleis ein oppfører seg under sjølve gravferda. Dette gjeld spesielt samtaler og liknande som kan vera forstyrrande og uheldig i ei vanskeleg stund for pårørande.



Du sol med snøgge strålesmil
. . .
du gyller òg
den høgste tind,
du fyller òg
den sorg i sinn
som inkje ord kan mæle,
med von um livsens sæle.

Olav Aukrust, frå «*Tolkar og teikn*»

# Sol på kyrkjespira

Frå gamalt har det vore sagt at sola kjem att og skin på dei tre kyrkjespira i Lom prestegjeld om lag på same tid. Ei spørjerunde fortel at sola skin på spiret på Lomskyrkja 7. februar. På gamle Garmo kyrkje skein ho ca. 12. februar. Bøverdalskyrkja får òg sola ca. 12. februar.

# Heim og ætt

**Døypte:**



**Lom:**
03.12 Emma Løberg Myrhaug

**Jordfesta:**



**Garmo:**
12.01 Torlaug Kvehaugen f.1929
14.02 Målfrid Fyrun f. 1930 (bisetjing)
01.03 Målfrid Laingen f. 1943
09.03 Margit Stokke f. 1927
09.03 Marit Øverli f. 1934

**Bøverdalen:**
15.12 Bjarne Kjærstadmo f. 1931
19.12 Guttorm Horten f.1931
30.01 Kjell Arne Aasen f. 1959

**Lom:**
01.12 Sylfest Horten f. 1932
15.12 Embjørg Nyøygard f. 1933
21.12 Audun Magne Blikken f. 1958
12.01 Torkjell J. Husom f. 1928
26.01 Knut Vole f. 1946

PRESTANE SIN VAKTTELEFON I NORD-GUDBRANDSDAL:

**VAKTNUMMER: 414 81 457**

Kveld/natt: Kvardagar kl 17:00 - 09:00
Helg: Fredag kl 17:00 - Måndag kl 08:00

## Om kyrkjebladet

Kyrkjeblad for Lom vert sendt ut til alle husstandar i kyrkjekommunen. Bladet kjem ut med fire nummer i året. I neste kyrkjeblad vil de finna giro vedlagt for bladpengar. **Ikkje gløym å skriva inn namn og adresse når du betalar.**

Vi ynskjer å takke kvar einskild som har støtta bladet dette året og oppmodar alle heimar om å støtte kyrkjebladet for Lom. Vi set og stor pris på at mange utanbygdes abonnerar på bladet!

Frist for innsending av stoff til neste kyrkjeblad er 14. mai 2018!



Kyrkjekaffe på Skogheim kafe etter messa der 28.januar. Fin messe, triveleg lag, og kjempegod kringle! Takk til folka på Skogheim kafe!





# Glimt frå tidlegare årgangar

6 Kyrkjeblad for Lom



## Lat oss vinna tilbake påsken.

Meir og meir er påsken — den største kyrkjelege høgtida kan henda — blått folkeferie og utferd landveges og sjøleides og til fjells i staden for retteleg påske. Kyrkja har gjort ikkje så randt lite for å fylgja folkestimen til fjells, og det blir no halde ikkje få hundre gudstenester og andakter på utferdsstadene. Men det er vel knapt grunn til å kalla dette for ei att-taking av påskehøgtida, og noko mindre bør ein ikkje meda på.

Utan tvil kan det gjenom arbeid med målet klårt for auga gjerast mykje til denne att-takinga. I Oslo vart det i fjor gjort ein ålvorleg freistnad på å merkja påskehøgtida med hennar eige stempel, og det lukkast utruleg godt. Noko av det same kan heilt visst gjerast andre stader óg, alt etter dei lokale tilhøva og ettersom det er trong for.

Her står det ikkje berre på presten eller «kyrkja», men på deg og meg. Vi kan i all fall om ikkje anna byrja med å få mann av huse til kyrkja i påskedagane. Berre dette ville med ein gong skapa meir påske og høgtid — halvtome kyrkjer er ingen fest, og det er du og eg som skal fylla benkene. Enno har trass i alt ikkje heile det norske folket drege til fjells i påsken, så vi skulle utan vanske kunna laga høgtid på den måten.

Kristeleg Pressekontor,
kyrkjebladserien.

Tidlegare utgåver av Kyrkjeblad for Lom er utlånt av Laila Kvåle Laingen. Tusen takk!

## UTLYSING TRUSOPPLÆRAR

**Lom kyrkjelege råd har 30% ledig stilling som trusopplærar**

**Arbeidsoppgåver:**
- Trusopplæringsarbeid blant barn og unge (0-18 år) i kyrkjelyden.
- Oppfølging og vidareutvikling av lokal trusopplæringsplan.
- Planlegging og gjennomføring
- Kvalifikasjon/Praksis:
- Erfaring frå barne- og ungdomsarbeid
- Evne til å skape deltaking og engasjement
- Gode samarbeidsevner
- Personlege eigenskapar vert vektlagt

**For stillinga gjeld:**
- Søkjaren må vera medlem i Den Norske kyrkja
- Tilsetjinga skjer etter lovar, reglar og tariffavtaler som gjeld for KA sitt tariffområde.
- Løn etter tariff
- Gjensidig prøvetid på 6 mnd
- Administrasjonsmålet er nynorsk
- Arbeidstid etter avtale
- Arbeidsoppgåver og stillingsstorleik kan bli endra i samsvar med organisering og behov i den kyrkjelege staben.
- Aktuelle kandidatar vil bli innkalla til intervju.
- Krav om politiattest

Spørsmål om stillinga kan rettast til kyrkjeverje Borghild Skarelven: tlf 48 16 55 27 kyrkjeverje@lom.kommune.no.
Søknad, CV og attestar kan sendast til Kyrkjekontoret i Lom, Pb 177, 2688 LOM.

**Søknadsfrist: 6. april 2018**

# GUDSTENESTEPLAN

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, er det som regel messe i Skjåk kyrkjekommune – og omvendt. Sjå meir informasjon under messeplanen.
**Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.**

**Sundag 11.03.**
BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00. Utdeling av biblar til 9-åringane. Offer til trusopplæringa.

**Sundag 11.03.**
GARMO KYRKJE kl. 14:00. Utdeling av biblar til 9-åringane. Offer til trusopplæringa.

**Sundag 18.03.**
LOM KYRKJE kl. 11:00. Offer til Kirkens nødhjelp.

**Sundag 25.03.**
Bjørkås i Skjåk kl. 11:00. Fellesmesse

**Torsdag 29.03.**
LOM HELSEHEIM kl. 11:00. Skjærtorsdag

**Torsdag 29.03.**
Glitterheim kl. 18:00. Skjærtorsdag

**Fredag 30.03.**
Spiterstulen kl. 17:30. Langfredag

**Laurdag 31.03.**
LOM KYRKJE kl. 23:00. Påskenattsmesse saman med Skjåk.

**Sundag 01.04.**
LOM KYRKJE kl. 11:00. Messe med barnedåp. Offer til det nye kyrkjelydsbygget.

**Sundag 15.04.**
GARMO KYRKJE kl. 11:00. Offer til Sandomstiftinga.

**Sundag 15.04.**
BØVERDAL KYRKJE kl. 14:00. Offer til eige arbeid..

**Onsdag 25.04.**
LOM HELSEHEIM kl. 11:00. Kvardagsmesse.

**Sundag 29.04.**
LOM KYRKJE kl. 19:30. Samtalegudsteneste. Offer til konfirmantarbeidet.

**Torsdag 03.05.**
LOM KYRKJE Klukkeslett kjem seinare. Gourmet-messe

**Sundag 13.05.**
BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00. Offer til Bøverdalen bygdelag.
Lidarende grendehus kl. 14:00. Offer til Lidarende grendehus

**Sundag 17.05**
LOM KYRKJE Klukkeslett kjem seinare. Offer til Flykningehjelpa

**Laurdag 19.05.**
LOM KYRKJE kl. 12:00. Konfirmasjonsgudsteneste. Offer til konfirmantarbeidet

**Sundag 20.05**
LOM KYRKJE kl.11:00. Offer til Prestegardens kvinneforening.

**Onsdag 23.05**
LOM HELSEHEIM kl. 11:00. Kvardagsmesse.

**Laurdag 26.05.**
GARMO KYRKJE kl. 12:00. Konfirmasjonsgudsteneste. Offer til konfirmantarbeidet

**Laurdag 26.05**
LOM KYRKJE Klukkeslett kjem seinare. Messe i samband med Flåklypa Grand Prix.

**Laurdag 02.06.**
BØVERDAL KYRKJE kl. 12:00. Konfirmasjonsgudsteneste. Offer til konfirmantarbeidet

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen: Sjå fast annonse i Fjuken, GD-Puls både på nett og i papirutgåva, i kalenderen hjå www.lom.kommune.no , på heimesida vår: http://www.lom.kommune.no/kyrkja.136853.nn.html eller fylg oss på Facebook: Lom Kyrkjekommune. Messer i Skjåk kyrkjekommune finn du her: http://skjaak.kirken.no/

## Informasjon om kostnad ved gravlegging m.m. når den avdøde ikkje var busett i kommunen

| | |
|---|---|
| • Gravferd | 6000 kr |
| • bisetjing | 2500 kr |
| • Urnenedsetjing | 1500 kr |

Jf. Kyrkjegardsvedtektene og gravferdslova med forskrifter. Desse avgiftene skal dekkje dei faktiske utgiftene.

## Oppmoding

Vi oppmodar folk om ikkje å ha med hund på kyrkjegardane. Vil også be syklistar om å nytte sykkelstativ ved kyrkjene og kyrkjelydshuset/ kyrkjegardsbygga.


**Betal rekningane dine på ein enklare måte.**
**Vel eFaktura og/eller AvtaleGiro.**

eFaktura Avtale Giro

**Vel eFaktura og/eller Avtalegiro på til dømes kommunale avgifter, SFO og barnehage og få full kontroll over rekningane dine**

Avtalegiro og eFaktura får rekningane dine enkelt betalt
Vel du eFaktura, får du ein elektronisk faktura rett inn i nettbanken. Alt du treng å gjera, er å godkjenne med eitt klikk så er rekninga betalt. Du slepp å taste lange KID- og kontonummer!
Avtalegiro er heilautomatisk. Det vi si at banken syt for at rekningane blir betalt direkte frå konto på forfallsdato. Ingen KID, ingen fakturagebyr og ingen inkassovarsel. Du har full kontroll over rekningane dine sjølv om Avtalegiro-trekka blir gjort av banken då du blir varsla minst 7 dagar før trekket skjer. I Lom kommune kan du teikne Avtalegiroavtale på kommunale gebyr, husleige, SFO, barnehage og pleie/ omsorgstenester frå oss.

Når du betalar neste rekning frå oss, vil du i dei fleste nettbankar få spørsmål om du ynskjer å opprette eFaktura eller Avtalegiro. Ved å takka ja, blir avtala oppretta, og neste rekning blir sendt rett til nettbank og ikkje i posten.
Når du inngår AvtaleGiro bør du vere obs på at du får melding når avtala trer i kraft.
Det betyr at du må betale rekningar tilsendt i posten som normalt inntil avtala er aktivert.
Har du ikkje nettbank, ta kontakt med banken din for å opprette Avtalegiro.
Sjå meir informasjon på nettsida:
**www.avtalegiro.no**
**Kombinasjon av eFaktura og Avtalegiro**

Ved å kombinere Avtalegiro og eFaktura blir rekningane dine betalt automatisk på forfallsdato og faktura sendt som eFaktura rett til i nettbanken din.
Du blir varsla minst 7 dagar før trekket skjer på konto.

**Vel eFaktura og vinn eit nettbrett!**
Blant dei som opprettar eFaktura mellom 25/01-18 og 30/04-18 trekkjer vi ut ein heldig vinnar som får eit nettbrett. Vinnaren blir kontakta direkte. Namn på vinnaren kan bli offentleggjort på nettside og Facebook.





Lom

# Ny aktivitør ved Lom helseheim!

**Eg heiter Mieke Van Landegem, og kjem frå Belgia. Eg har teke over stafettpinnen etter Jorun Sperstad-Fjeld! I tillegg til jobben min som sjukepleiar på helseheimen, har eg ei 19% stilling som aktivitør.**

Det vil sei at eg organiserar forskjellige aktivitetar til bebuarane ein dag i veka.
På måndagar og onsdagar fortset de gode frivillige og Helselaget som før med bingo og "noko åttat". Kvar tysdag kjem to friviljuge på helseheimen med nybakt kake og kaffe.

På den måten kan vi tilby noko kvar dag, om det er sosialt eller meir fysisk.

Ved sidan av dei daglege aktivitetane, planlegg vi flerie hyggestunder, konserter og turar til beburarar og pårørande til våren og sommaren.



**Nedanfor ser du ei oversikt over aktivitetar:**

| Mars | April | Mai | Juni |
|---|---|---|---|
| Oppstart av såprosjektet som i fjor. Vi byrjar å så inne, men kjøper nye plantekasser som vi kan ha ute i løpet av mai.<br><br>Hyggekveld der pårørande er hjarteleg velkommen: kanskje kino med popcorn? | Konsert med Reidar Svare den 27.aprl kl 17.00 (Den kulturelle spaserstokken)<br><br>Dersom været er med oss, kan det vera aktuelt å byrja å nytta Rickshawsykkelen att! | Vårfest er planlagt til byrjinga av mai. Vi håpar å få tak i Lom Spelemannslag, men konsert blir det uansett!<br><br>Turar med Rickshawsykkel<br><br>Barnesonggruppa<br><br>Lom spel og dansarlag tek seg ein tur i slutten av mai. Då planlegg vi ein hyggekveld der pårørande er velkomne. | Hyggekveld med sankthansbål i bålpanne: 21.juni Pårørande hjarteleg velkomne.<br><br>Sykkelturar<br><br>Moglege (buss)turar til sommaren (juni – juli – august):<br>• Billingen,<br>• Raubergstulen<br>• Brimi sæter<br><br>Fossheim: evt lunsj, samann med pårørande.<br><br>Fjellmuseet: omvisning og kaffe rundt peisen.<br>Lom Bygdamuseum : Tur i Presthaugen med piknik<br>Diktardagar i august-september: Bakeriet i Lom |

**Årsmøte i Lom helselag**

Lom helselag har årsmøte 15. mars kl 19.00 på Friviljugsentralen. Vanlege årsmøtesaker. Vel møtt!

**ONSDAGSAKTIVITETEN…**

…ynskjer seg både gamle og nye brukarar - møt opp onsdagar kl. 11. på helseheimen!



**Eigedomsskatt 2018**
Liste over eigedomsskattetakstar og utlikna eigedomsskatt for skatteåret 2018 er lagt ut til offentleg ettersyn på kommunen sitt servicetorg, Midtgard. Lista ligg og på heimesida til kommunen. Eigedomsskattelista vil liggje ute til offentleg ettersyn i 3 veker frå 28.02.2018. Eigedomar det er gjort takseringg på i 2018, har klagerett. Klage må sendast skriftleg, innan 2. mai 2018. Informasjon om ny takst er sendt dei dette gjeld. Informasjon om skattevetaket finn du på lom.kommune.no

| **Satsar for musikk- og kulturskulen,** | **pr. år.** |
|---|---|
| Eineundervisning | 2 600,- |
| Gruppeundervisning dans, drama, formgjeving | 1 400,- |
| Leige av instrument | 600,- |
| **Satsane for skulefritidsordninga(SFO)** | **pr. månad:** |
| Til og med 14 timar pr. veke | 1 300,- |
| 15 timar og meir pr. veke | 2 050,- |
| Dagsats | 320,- |
| Timesats | 100,- |
| **Satsar for plass i barnehage i 2018** | **pr. månad:** |
| 5 dagar: | 2.910,- |
| 4 dagar: | 2.700,- |
| 3 dagar: | 2.500,- |
| Einskild dag: | 350,- |
| **Satsane for heimehjelp (avhengig av inntekt)** | **pr. månad** |
| Under 2G Blir justert i samsvar med rundskriv I-1/2017 frå Helse- og omsorgsdepartementet. | |
| Frå 2G og under 3G: | 870,- |
| Frå 3G og under 4G: | 1 157,- |
| Frå 4G og under 5G: | 1 591,- |
| Frå 5G og over: | 2 1752,- |
| **Tryggleiksalarm** pr. månad: | 230,- |
| **Middag** levert heime pr. middag: | 80,- |
| **Dagsenter** heimebuande pr. dag: | 175,- |
| **Fellingsavgifter:** | **pr. dyr** |
| Elg, vaksne dyr: | 500,- |
| Elg, kalv: | 300,- |
| Hjort, vaksne dyr: | 375,- |
| Hjort, kalv: | 225,- |
| **Gebyr for feiing og tilsyn:** | **pr. år:** |
| 1 - Feiing kvart år, tilsyn kvart 8. år | 560,- |
| 2 - Feiing kvart 2. år, tilsyn kvart 8. år | 480.- |
| 3 - Feiing kvart 5. år, tilsyn kvart 8. år | 385,- |
| 4 - Feiing kvart 8. år, tilsyn kvart 8. år | 359,- |

**Gebyr for mottak av næringsavfall** vert fastsett av Nord-Gudbrandsdal renovasjonsselskap (NGR).
Husstandar får levere gjenvinnbart avfall og spesialavfall gratis til miljøstasjonen. Men det gjeld berre innan fastsette minstevolum. For avfall utover minstevolum vert det gebyr som for næringsavfall.
(Sjå oppslag på miljøstasjonen, ngr.no eller informasjon i hentekalender frå NGR for utfyllande informasjon).

| **Slamtøming** | | |
|---|---|---|
| Slambehandling pr $m^3$ eks MVA: | | 420,- |
| Tvungen tøming pr $m^3$ eks MVA: | | 218,- |
| **Gebyr for renovasjon:** | | |
| **Type abonnement** | **Sekk pr. år** | **Pris eks mva** |
| Bustadhus: | | |
| A-abonnement | 36 | 2 056,- |
| B-abonnement | 48 | 2 361,- |
| C-abonnement | 24 | 1 813,- |
| Hytte, fritidshus, sæter: | | |
| - enkel standard gruppe 1 | 12 | 187,- |
| - enkel gruppe 2 | 12 | 432,- |
| - høg standard gruppe 3 | 12 | 740,- |

*Tillegg for henteavstand 10 - 20 meter: 375,- pr. år Tillegg for henteavstand 21 - 30 meter: 625,- pr. år. Kjøp av rull med 12 sekker: 540,- Sekkar får du kjøpt i servicetorget på Midtgard.*

**Gebyra for vatn og avlaup**
Nokre døme på totalt årsgebyr (fast del og forbruk):

| **Kategori** | **Vatn** | **Avlaup** |
|---|---|---|
| Bolig | 2 860,- | 4 344,- |
| Hytte/Fritidsbolig | 1 805,- | 2 812,- |
| Næring 150 m3/år | 3 563,- | 5 365,- |
| Næring 1100 m3/år | 21 281,- | 31 669,- |
| Næring 5000 m3/år | 81 931,- | 120 513,- |
| Fyrste gongs tilknyting | 2 000,- | 2 000,- |

| **Prisdøme på byggesakhandsaming:** | |
|---|---|
| Oppføring av bustader og fritidshus | 14.155,- |
| Oppføring av andre bygningar (forretning, industri, garasje m.m., inkludert påbygging: | |
| • 0 - 70 $m^2$ | 7.125,- |
| • 71 - 100 $m^2$ | 10.945,- |
| over 100 $m^2$ (for kvar påbyrja 100 $m^2$) | 1.385,- |
| **Søknad om dispensasjon frå gjeldande planar:** | |
| • Ved administrativ avgjerd | 5.695,- |
| • Ved politisk avgjerd | 11.390,- |

Fullstendig oversikt over gebyr får du på servicetorget, hjå tenesteområde Miljø, teknisk og næring eller på nettstaden lom.kommune.no.

*Med atterhald om feil og endringar*

# Lomsnytt

Informasjon frå Lom kommune - nr. 1 2018



Lom kommune
Sognefjellsvegen 6
2686 Lom
Telefon: 61 21 73 00

Telefon: 61 21 73 00
post@lom.kommune.no
www.lom.kommune.no